

ARBEIDSGRUPPE 5

Bærekraftig kommuneøkonomi i Vinje kommune

Tiltaksrapport

Innledning

Vinje kommune har et omstillingsbehov på 20 millioner kroner frem mot 2030 for å kunne skape balanse imellom inntekter og utgifter, håndtere betydelig økte rente- og avdragskostnader i kommende økonomiplanperiode samt ha tilstrekkelig netto driftsresultat til å tåle svingninger i både kostandene og inntektene imellom år.

Bærekraftig kommuneøkonomi i Vinje

Vinje kommune har igangsatt et omstillingsarbeid under navnet *Nye Vinje*. Kommunedirektøren har organisert prosjekter med en overordnet styringsgruppe bestående av kommunedirektørens ledergruppe. Det er leid inn ekstern hjelp fra KS Konsulent as ved Håvard Moe (havard.moe@ks.no) for å bistå kommunedirektøren i arbeidet.

Våren 2025 skal de identifisere mulige områder hvor det er et potensial for mer kostnadseffektiv drift i Vinje. Arbeidet som gjøres må være tilstrekkelig grundig til å kunne gi kommunedirektøren og kommunestyret et grunnlag for å foreta en prioritering av disse arbeidsgruppene i en *rammesak* i kommunestyret i september 2025. De gruppene som blir prioritert inn i budsjett 2026, må da utredes i henhold til gjeldene regler for saksbehandling høsten 2025, med mål om vedtak i desember 2025. Ikke-prioriterte tiltak/arbeidsgrupper for 2026 legges i økonomiplanen for 2027-2029 (med mindre kommunestyret velger å ta de helt ut).

Det kan være at enkelte av arbeidsgruppene skal iverksettes før dette, men dette vil i så fall avklares med den enkelte arbeidsgruppeledere.

1. Mandat og rammer

Arbeidsgruppa sitt oppdrag er og sjå på om auka samarbeid mellom skulane kan gje ein økonomisk moglegheit til innsparing. Me vil sjå på ressursbruk og bruk av undervisningspersonale på tvers av skulane i kommunen.

2 Organisering og gjennomføring

Arbeidsgruppe:

Namn	Tittel	Funksjon
Rune Sudbø Tveito	Verksemdsleiar Edland skule	Arbeidsgruppeleiar
Gisle Bonna Espedalen	Verksemdsleiar Åmot skule	Arbeidsgruppedeltakar
Maria Bjåen	Verksemdsleiar Øyfjell oppvekstsenter	Arbeidsgruppedeltakar
Aud Lillian Hustveit	Verksemdsleiar Rauland skule	Arbeidsgruppedeltakar
Anders Sandvik	Kommunalsjef oppvekst	Arbeidsgruppedeltakar

3.0 Utredning

Arbeidsgruppa har vurdert moglegheiter for samarbeid og ressursbruk på tvers av skulane i Vinje kommune. Utgreiinga tek utgangspunkt i dei lokale tilhøva i kommunen, med lange geografiske avstandar, spreidd busetnad og små skular. Desse rammevilkåra set klare grenser for kor langt ein kan gå i å dele ressursar i den ordinære skuledagen.

Arbeidsgruppa har særleg vurdert om samarbeid kan gi meir kostnadseffektiv drift. Samstundes har gruppa lagt vekt på ei nøktern og realistisk framstilling av dagens situasjon. Skulane i Vinje har i hovudsak stillingar som er fullt ut nytta til lovpålagde og nødvendige oppgåver, og det er i liten grad små stillingsdelar eller ubrukt kapasitet som kan frigjerast.

På denne bakgrunnen vurderer arbeidsgruppa at samarbeid på tvers av skulane først og fremst har verdi som eit fagleg verkemiddel for å sikre tilgang til spesialkompetanse ved behov, og i avgrensa grad som eit tiltak for varig økonomisk innsparing

3.1 Tiltak

Når det gjeld deling av kompetanse på tvers av skulane, ser arbeidsgruppa dette først og fremst som eit verkemiddel for å sikre tilgang til naudsynt spesialkompetanse der skulane har behov for dette, og ikkje som eit tiltak med hovudmål om økonomisk innsparing.

Slik deling vil i praksis vere mest aktuell:

- ved mellombels behov
- i avgrensa periodar
- gjennom planlagde dagar på ulike skular
- eller digitale løysingar

Arbeidsgruppa vurderer at dagleg pendling mellom skular i liten grad er føremålstenleg, verken fagleg eller økonomisk, og at slike løysingar ikkje bør inngå som del av ordinær drift.

Me har vurdert fylgjande tiltak:

1. Samarbeid om spesialkompetanse ved særskilde behov

Det kan vere formålstenleg å samarbeide om spesialkompetanse, til dømes innan spesialpedagogikk, eller språk der enkelte skular i periodar har behov som ikkje kan dekkjast lokalt. Slikt samarbeid bør vere behovsstyrt, tidsavgrensa og planlagt, og ikkje ein del av dagleg drift. Digitale løysingar kan nyttast der dette er mogleg og føremålsteneleg. Digitale løysingar kan vera med på å spare noko ressurs då me har moglegheit til å bytte ut ein lærar med ein assistent i klasserommet, men dette vil på andre sida kanskje gå ut over kvaliteten på opplæringa som kanskje ikkje er ynskjeleg.

2. Avgrensa samarbeid om mindre opplæringstilbod

For enkelte små opplæringstilbud og spesialtilfelle kan samarbeid på tvers av skular vurderast i avgrensa omfang, der elevgrunnlag og avstand gjer dette forsvarleg. Arbeidsgruppa understrekar at hovudregelen bør vere lokal organisering, og at samarbeid som inneber regelmessig skyss av elevar berre bør nyttast unntaksvis. Det kan tenkast tilfelle der slike samarbeid kan vera aktuelt, særskild når det gjeld omfattande vedtak på ITO (individuelt tilrettelagt opplæring), men dette er vanskeleg å talfeste då det er mange omsyn å ta i slike prosessar.

3. Samarbeid om administrative støtteoppgåver

Det er noko potensial for samarbeid og erfaringsdeling knytt til administrative støtteoppgåver, som til dømes føring av løn. Tiltaket er organisatorisk og har avgrensa direkte økonomisk effekt. Om ein skal "outsource" til dømes all føring av løn til økonomiavdelinga må trulegvis økonomiavdelinga auke ressurs tilsvarande som skulane må evt. nedbemanne ein liten del av konsulentstillinga.

3.2 Konsekvensar av tiltak

Arbeidsgruppa vurderer at tiltaka i hovudsak gir faglege og organisatoriske gevinstar, medan den økonomiske effekten er avgrensa. Lange avstandar mellom skulane gjer det vanskeleg å dele ressursar i skuledagen utan at tid går med til køyring. Dette reduserer effektiv arbeidstid og fører til auka kostnader.

Vidare vil samarbeid som inneber skyss av elevar eller tilsette kunne gi auka skyssutgifter, både til transport og følgjetenester. Desse kostnadene må reknast som ein del av totalbildet og vil i mange tilfelle redusere eller oppheve ei eventuell innsparing i personalbruk.

Arbeidsgruppa vurderer difor at eventuelle økonomiske gevinstar i hovudsak er indirekte, til dømes gjennom betre planlegging og mindre behov for improviserte løysingar, og ikkje som direkte budsjettcutt.

3.3 Avgrensing

Arbeidsgruppa har ikkje vurdert løysingar som inneber regelmessig pendling mellom skular i skuledagen som realistiske i Vinje kommune. Vidare er det ikkje foreslått tiltak som legg opp til strukturelle endringar, reduksjon i skuletilbod eller auka bruk av elevskyss utover det som allereie er nødvendig i dag.

Oppsummerande tabell

Navn på tiltak i Arbeidsgruppen	Utdyping av tiltak
1. Samarbeid om spesialkompetanse	Fagleg støtte ved behov, ikkje fast deling
2. Avgrensa samarbeid om særskilde tilbod	Unntaksløysingar der avstand gjer det forsvarleg
3. Administrative samarbeidsløysingar	Erfaringsdeling, ikkje nye funksjonar

4. Gevinstrealisering

Arbeidsgruppa vil understreke at mogleg innsparing er vurdert med stor varsemd. Når ein tek omsyn til skysskostnader, køyring i arbeidstid og individuelt behov for tilhøyre, er netto økonomisk gevinst av tiltaka avgrensa. I fleire tilfelle vil skysskostnader kunne redusere eller oppheve ei eventuell innsparing.

Navn på tiltak	Besparelse (i hele 1000)		Forutsetninger for gevinstrealisering
	2027	Årlig fra og med 2028	Hva skal til for at den økonomiske gevinsten blir realisert

Samarbeid om spesialkompetanse	0	0	Tiltaket er fagleg, ikkje økonomisk
Avgrensa samarbeid om særskilde grupper	0	0	Vedtak om ITO fordelast på fleire elevar
Administrative samarbeidsløysingar	100	100	Ingen auka tilsetting på økonomiavdelinga og redusert stilling for konsulentane på skulen.
Sum før skysskostnader	100	100	
Estimerte auka skysskostnader	-100	-100	Avhengig av omfang
Netto anslått effekt	0	0	Netto anslått effekt

5. Oppsummering av hele arbeidsgruppa

Beskrivelse	Risiko, konsekvenser og forsvarlighet
Samarbeid på tvers kan gje fagleg styrke og samarbeid, men har svært avgrensa økonomisk effekt. Om noko i det heile.	Lange avstandar, skysskostnader og fullt utnytta stillingar gjer store innsparingseffektar lite realistiske

Beløp i 1000 kr	2027	2028	2029	2030
Tiltak	0	0	0	0

Arbeidsgruppa vurderer at samarbeid mellom skulane i Vinje kommune primært bør nyttast for å sikre kvalitet og tilgang til spesialkompetanse. Vidare forventningar om vesentlege økonomiske innsparingar gjennom slike tiltak blir ikkje vurderte som realistiske innanfor dei geografiske og driftsmessige rammene kommunen har.